

Barn og unge – innspel frå arbeidsgruppa

Viktige føringar i planarbeidet for gravide, barn, unge og foreldre er å fremme folkehelse, styrke det heilskaplege arbeidet, styrke samhandling, styrke den koordinerande funksjonen og styrke overgangar i tenesteflyten. Tiltak må rettast mot god livsmeistring. Barnehage, skule, frivillige lag og organisasjonar er i tillegg til sektor helse og omsorg viktige arena og samarbeidspartar i arbeidet med barn og unge.

Grunnleggande for alt arbeid med målgruppa

- Universal utforming
- FN sine bærekraftsmål
- Følgje krava i lovverket
- Tverrfagleg samarbeid der det er nødvendig

Dagens situasjon

Nye tall frå Ungdata 2019 (før samanslåinga) viser mange positive trekk blant ungdomsskuleelevane i Volda, som at dei fleste er godt nøgde med skulen og foreldre, og dei aller fleste har vener dei kan stole på. Samtidig har prosentdelen av elevar som kjeder seg på skulen gått opp, og det er fleire som gruar seg til å gå på skule. Når det gjeld helseutfordringar svarar dei fleste at dei er nøgde med eiga helse, medan 20 % svarar at dei er misnøgde med eiga helse. Ein god del av ungdomane slit dagleg med fysiske helseplagar.

I overkant av 20 % er plaga av einsemd. Mange ungdomar er utsette for mobbing, om lag 7 % av ungdomsskuleelevane opplever mobbing minst kvar 14.dag. 12 % har blitt utsett for trugslar om vald minst ein gong årleg. 8 % av gutane og 2 % av jentene inntek jamleg alkohol, medan 8 % har vore rusa på alkohol i løpet av det siste året. 1 % oppgir bruk av cannabis i løpet av siste året.

Resultater frå Ungdata og erfaringar frå praksisfeltet stemmer overeins – det er stadig auke i psykiske helseutfordringar som angst, nedstemtheit, familiekonflikter og einsemd blant barn og unge, som gjer at tal henvisingar aukar. Fleire treng hjelp til å handtere psykiske plagar. Ein har også sett over tid at rusbruken blant ungdom endrar seg, det er difor svært viktig å prioritere det førebyggjande arbeidet.

Det er høg fagleg kompetanse i kommunen, men nye utfordringar og meir samansette diagnoser gir behov for auka kompetanse og intern kompetansedeling.

Gjennom å arbeide med tidleg innsats og helsefremming på universelle arenaer med tverrfagleg samarbeid ønsker tenestene å førebygge meir, systematisk fange opp, gi rett teneste til rett tid og i rett omfang.

Utfordringsbilete

- Knappe ressursar og aukande utfordringar medfører stort fokus på rehabilitering på bekostning av førebyggjande og universelle tiltak.
- Å sikre at folkehelseperspektivet er med i all kommunal planlegging og kommunalt arbeid
- Aukande sosiale skilje, og det er fleire born og unge som veks opp i familiar med låg inntekt.
- Lovendringar og nasjonale føringar medfører fleire arbeidsoppgåver og auka kompetansebehov i dei kommunale helsetenestene for born og unge.
- At organiseringa er fragmentert og kommunen manglar felles arena og tenlege digitale verktoy der fagpersonar kan møtest på tvers av avdelingar og sektorar.
- Å kome tidleg inn for risikoutsette born og unge.
- God nok kvalitet i tenestetilbodet; differensierte og koordinerte tenester til born og unge med samansette og /eller langvarige helsevanskar.
- At Frisklivssentralen i liten grad kan nyttast som ein ressurs i det førebyggjande arbeidet for born og unge.
- Å nå ut til leiarane for frivillige lag og organisasjonar som har med barn og unge å gjere, for samarbeid, støtte og informasjon.
- At det kommunale ungdomsarbeidet (Ungdomsklubben) manglar forutsigbare rammer

Utvikling i planperioda

Overordna målsetting i arbeidet med barn og unge: Gjennom tverrfagleg samarbeid og arbeid med fokus på tidleg innsats og helsefremming på universelle arenaer ynskjer tenestene både å førebyggje, meir systematisk fange opp born og unge i risiko eller med helseutfordringar, og gi rett tilbod/teneste til rett tid og i rett omfang.

Styrke folkehelseperspektivet og det helsefremmande arbeidet. Prioritere universelle tilbod for alle born og unges helse og oppvekst

- Implementere universelle foreldrestøttande tilbod, t.d. i barnehage/skule i samarbeid med tenester som helsestasjonen.
- Implementere universelle og heilskaplege program med fokus på fysisk og psykisk helse for alle i barnehage -og grunnskulealder for å bidra til auka livsmestring og evna til å ta vare på eiga helse og utvikling.
- Styrke helsestasjonstilbodet slik ein kan møte pålagde oppgåver og aukande behov innan psykisk helse, og bremse behov for oppfølging av t.d barnevern. Helsestasjonen tilbyr eit helsefremmande, og eit primær –og sekundærførebyggjande tilbod innafor fysisk og psykisk helse.
- Styrke folkehelse –og frisklivssentralen. Arbeide for at frisklivssentralen også er ein ressurs i det førebyggjande helsearbeidet for alle born og unge.
- Framheve og nytte frivilligsentralane som dørpnar for deltaking i lag og organisasjonsliv. Støtte og bistå sentralane i å utforme både universelle og målretta tilbod/tiltak.
- Innføre fritidskortet eller anna ordning som på ein ikkje-stigmatiserande måte bidreg til at born og unge kan delta i fritidsaktivitetar uavhengig av foreldreøkonomi.
- Utvikle og marknadsføre utlånssentralane BUA Volda og i Hornindal som attraktive tilbod til alle barn og unge i kommunen.
- Utvikle og styrke eksisterande fritidstilbod og sosiale møtestadar for alle born og unge i

heile kommunen, for å førebyggje utanforskap.

- Styrke kommunikasjon og samarbeid med leiarane i frivillige organisasjonar gjennom årlege treffpunkt.
- Tilettelegge for at tenester og funksjonar som arbeidar med born og unge si helse og oppvekst har anledning å samhandle og utvikle tenestetilbodet (jf eige hovudpunkt).

Tidleg kunne identifisere og fange opp barn og unge i risiko og/eller med helseutfordringar

- Utvikle, styrke og systematisere tenestene for å betre kunne fange opp gravide, born og unge - til dømes born som pårørande grunna foreldre eller sysken med psykiske vanskar, funksjonsnedsettingar eller alvorleg sjukdom.
- Utvikle, styrke og systematisere tenestene for å betre kunne fange opp gravide, born med ulike helseutfordringar – til dømes som følgje av forseinka utvikling, overvekt, psykiske plager, sosiale utfordringar eller utanforskap.
- Styrke kompetansen i tenestene for å tidleg kunne identifisere eit hjelpebehov.
- Tilettelegge for at tenester og funksjonar som arbeidar med born og unge har anledning å samhandle og utvikle tenestetilbodet (jf eige hovudpunkt).

Sikre rett tilbod/teneste til rett tid og i rett omfang.

- Sikre og utvikle god kompetanse og god kvalitet på tilbodet og tenestene.
- Utvikle koordinerte –og heilskaplege tenester for born og unge med samansette og langvarige helseutfordringar – til dømes grunna funksjonsnedsettingar eller samansette fysiske -og psykiske vanskar.
- Ha naudsynt kompetanse til å kunne tilby og utvikle generelle og målretta tiltak.
- Styrke og utvikle den koordinerande funksjonen (eining) for å møte lovpålagde oppgåver som koordinator og individuell plan.
- Styrke og utvikle samhandlinga med spesialisthelsetenesta (andrelinja).
- For å kunne stimulere til aktivitet og deltaking i kvardagen i både heim, barnehage og skule for barn og unge med omfattande behov for tilrettelegging/hjelp, må fysio-ergoterapitenesta dimensjonierast for endringane i løpet av planperioda.
- Styrke samarbeidet med Rus og psykiatritenesta for å kunne nyttiggjere seg av tenesta sin kompetanse også for dei under 18 år.
- Sikre god kjennskap til eige lovverk for å sikre raskt og effektivt tilbod/samarbeid

Bygge og behalde kompetanse

- Behalde naudsynt tverrfagleg kompetanse, men også rekruttere eller tileigne seg spesialisert kompetanse for å imøtekomme det auka kompetansebehovet i tenestene for born og unge i kommunen. Dette som følgje av endringar i tilbodet i spesialisthelsetenesta, ny barnevernslov, men også for å møte at fleire born og unge rapporterer om psykiske helseutfordringar.

Styrke tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid og samhandling

- Styrke og utvikle betre samhandling i tenestene for gravide, born og unge og familien for å sikre god kvalitet og differensierte og koordinerte tenester.
- Styrke og utvikle koordinerande eining som er ein sentral funksjon i tenestetilbodet.
- Betre tenestene sin kjennskap til kvarandre, og det eksisterande tenestetilbodet.
- Forskrifter og lovverk må vere godt kjent, for å sikre at den som har ansvar tek dette når ein

skal fordele oppgåver og ansvar.

- Prioritere og tilrettelegge for at tenestene har faste møtepunkt og møtestadar som fremmer det tverrfaglege –og tverrsektorielle samarbeidet og samhandlinga. Dette gjeld både på overordna nivå (strategisk utvikling/tenesteutvikling) og i enkeltsaker.
- Etablere ein årleg fagdag for alle som yter tenester for born og unge.
- Styrke tenestene sin kompetanse på tverrfagleg arbeid og samhandling.
- Tilbod, tiltak og tenesteutvikling må implementerast og forankrast i leiinga.
- Implementere og nytte gode digitale verktøy som kan fremme og bidra til gode tenester og samhandling, t.d. Helseplattforma (2023).
- Utvikle gode felles strategiar for brukarmedverknad i tenestetilbodet og tenesteutviklingsarbeidet.

Prioritering av tiltak

2021	2022 - 2023	2024 - 2027	2028 - 2031
Planarbeid for universelle foreldrestøttande tilbod	Oppstart og implementering i tiltaket		
Tilsette ungdoms-/forelderrettleiar Sikre normtal for helsesjukepleiarar i Helsestasjonen. Utarbeide kompetanseplan for helsestasjonen	Kompetanseheving av tilsette	Kvalitetssikre god samhandling	
Etablere Frisklivssentralen som eit tilbod også for alle born og unge			
Etablere møtepunkt mellom relevante tenesteytarar	Implementere og forankre samarbeidsgruppene i organisasjonen/leiinga		
Koordinerande eining			
Styrke kunnskapen om/til eige lovverk			
Styrke kunnskapen om eigne tenester	Samle informasjon om tenester for born og unge på same nettstad		
Få oversikt over aktuell kompetanse i tenestene. Utarbeide ein heilheitleg kompetansehevingsplan.	Iverksette kompetansehevingsplan for tenestene	Tileigne seg eller rekruttere naudsynt kompetanse	Årleg evaluering av behovet for ny kompetanse
Etablere samarbeid mellom	Innføre fritidskort eller tilsvarande ordning		

Innspel frå arbeidsgruppa

Friviligheitssentralane og øvrige tenester			
Opprette arbeidsgruppe – felles fagdag	Implementere årleg felles fagdag		
	Førebu Helseplattformen (2023/24)	Implementere Helseplattformen (2023/24)	
Ungdomsklubben må få tenlege lokale	Sikre langsiktige rammer for ungdomsklubben		
	For å dekke utfordringar i planperioda må fysioterapitenesta auke med 100% ressurs	For å dekke utfordringar i planperioda må ergoterapitenesta auke med 100% ressurs	